



UTSTILLINGSVINDAUGA

for kvinner i lokalpolitikken

Spennende dag i Kommunal- og Regionaldepartementet

- Utstillingsvindu for kvinner i lokalpolitikken er eit prosjekt som Stortinget er opptatt av og det vert ofte stilt spørsmål om prosjektet i Stortingets spørjetime, sa prosjektansvarleg i KRD, Anne-Karin Ødegård da ho ønskte prosjektkommunane velkomen til dagsamling i KRDs lokaler i Oslo.

Alle 22 prosjektkommunane med sine prosjektledere møtte i KRD denne dagen for å utveksle erfaringar og for å få med seg heim nyttig informasjon frå departementet.

Forskarfølge

Forskar Jacob Aars, frå Rokkansenteret i Bergen som fylgjer prosjektet, tok for seg ein del tal omkring representasjonen i dei ulike råd og utval ved sist og foregåande valresultat i desse kommunane. Og han konkluderte med at velgjarane tenkjer ikkje kjønn, men synlegheit og engasjement.

-Slik sett er slik vi gjer det på den biten i vårt prosjekt i Lom, Sel og Dovre er rett. Jentene må gjerast meir synlege, trygge og meir bekveme i bruk av media, ta ordet, gje replikk og innlegg i politiske debattar, oppsummerar prosjektleiar Else Hole Ulekleiv etter turen til Oslo.

Dele erfaringar

-Nokre av dei deltagande kommunane hadde fått i oppgave å fortelje noko om kva dei hadde gjort av erfaringar som dei kunne dele med oss andre. Ikkje minst dette med å søkje råd hjå kvarandre og prøva opplegg som har vore bra eller mindre bra og ting ein ikkje har kome i gang med.

Mange hadde media og taleteknikk, mentor, nettverksamling som dei var i full gong med – medan andre hadde teke tak i ungdomsforum som dei inviterte til Oslo og Stortinget. Noko eg og har planar om dette året, seier Else.